

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Nord-Trøndelag
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Egge
 Emne: *Arde og plog* Bygdelag:
 Oppskr. av: *Sverre Rønne* Gard:
 (adresse): *Sneve pr. Steinkjer* G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Både arde og plog er brukte her i bygda. Arden — den gamle typen er ikkje i bruk lenger. Det ein no brukar til å slå opp rader i potet- og rotvekståkrane, er drillplog. I dagleg tale kallar vi drillplogen arde (dialekt: al, med tykk l.) At arden vart brukt på kryss og tvers i kornåkrane, kan ikkje folk minnst. Men ein eg snakka med, hadde brukt fortald at arden ein gang i tida skulle ha vori brukte på denne måten. Men om dette var her i bygda eller andre stader visste han ikkje. Har det vori brukelig andre stader her omkring, er det truleg det var bruksmåte her og. Til å mjelde kornet ned, vart her brukte graver, inntil dei byrja bruke horva til dette.

Arden og seinare drillplogen vart brukte som byppeplog, via bli hesthake nytta til bypping.

Dei gamle ardetypene som var her i bygda flygjer det teikning av. Det var ein variant av typen 5 i risret som

2
fjølde spjølalista. Arden som var brükt
her hadde trefjøl med tynne jarnplates
ütangpå. På desse ardane var det ikkje
restill (kniv) Men på drillplozen som
no bli brükt er det det. (Her bli brükt
nemninga „restill“ i seinare tid bli det
meire og meire sagt kniv.)

Her brütes ikkje stjeker til ard og ploz,
men strekjer laga av reiptang. Somme
brüker fjöttingar. Men i gammel tid
vart det brükt skokler eller skakler, som
vi seier.

Arden var ikkje laga slik her at ein
kunne regulera kor djupt han skulle gå.
Ikkje var det brüdde regulering på vette-
fjølens heller. Men på drillplozane no
tildags er det slik regulering

Dei gamle ardane (typus det følgjer teikning
av) vart namleg laga heime på gardane,
enten av bonden sjøl eller av løyde-
smedar. Ard-dialekt: Al, med tjükk l. Ein al.

Plozen.

No bli det brükt berre fabrikkplozar.
Etter dei gamle heimelaga norskplozane
var det dei såkalla Engelskplozane som
kom på brük. Desse var framifrå gode
plozar imot dei gamle sakene av tre
eller av både jarn og tre. Engelskplozane
hadde plozas og styrearmar av tre. Det
meire var jarn og stål.

Den første Engelskplozen som vart brükt
her i løyda, var i 1850 på Bjø gard.
Det var landbrükerskole der dengangen.

Ein må rekne med at dei gamle norskplozane med kvart vart avlagde etter denne demonstrasjonen av engelsk-plozen. Ein mann som no er 80 år, som eg snakka med om dette kunne ikkje minnast dei gamle norskplozane i bruk.

Det har ikkje lykkart å finne nokon av dei gamle treplozane her i bygda.

Og heller ikkje kva slike plozar kosta.

Dei siste norskplozane som var i bruk, før engelskplozane kom, hadde veltgjöl av jern. Da, som no velta ein plozen til den rida veltgjöla er nre ein kægnde tilbake.


Om det var nokon klass på åsen for å løfte plozen frå jorda når ein kægnde tilbake, kjemmer eg ikkje til, men uttrykket "skittul" er kjent her i bygda. Det bli brukt no til dags, men som eit slags skjeldsord "din skittul", bli det sagt, av den eine til den andre.

Det er truleg at ordet skriv seg frå den tid brukte ein klass (skittul) på plozåsen. Det var mest vanleg ein hadde berre kægndeploz. Og på kvar gard hadde dei ein slede til å kægndre plozen på til og frå åkeren.

Ved eit ungdomsstemne i Stjørdal neste sommaren var det ein reidskaps- og maskinkavalkade, og der vart det m. a. cynt fram plozar frå dei elste tider. Eg laga riss av eit par av desse plozane. Den elste (nr. 1) er


viist den første treplozen med veltefjøl
 som er brukt her i bygden. Denne var
 hult av tre. Den andre (nr. 2) har
 skjer og veltefjøl av jern. Elles er tre-
 konstruksjonen så nokolunde den same
 på begge plozane. Veltefjola på den
 første var flat. På den andre var fjola
 naka vidd.

Plog




Nr. 1.

Plog



Nr. 9.



Arð brukt i Egge

2728